

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal
Frå: NAV Møre og Romsdal v/direktør Stein Veland
Dato: 2. juni 2022
Emne: PRESSEMELDING 7/2022 – Sjukefråvær 1. kvartal 2022

Korona gav stor auke i sjukefråværet 1. kvartal

Det legemeldte sjukefråværet i Møre og Romsdal 1. kvartal i år var 6,5 prosent, noko som er ei auke på 8,4 prosent samanlikna med same kvartal i fjor. Auken skuldast i hovudsak korona.


Som i dei to føregåande kvartala aukar sjukefråværet i første kvartal 2022 i alle fylkar når ein samanliknar eit år tilbake i tid. I Møre og Romsdal har fråværet gått opp med 8,4 prosent, som er noko mindre enn auken i landet på 12,7 prosent.

Koronarelatert sjukefråvær


Det er særskilt sjukefråvær knytt til korona som er høgt det første kvartalet i år. 22,5 prosent av sjukefråværet skuldast sjukdommar i luftveiene, mot 7,8 prosent i 1. kvartal 2021. Sjukefråvær grunna psykiske lidningar utgjer 19,5 prosent av alle tapte dagsverk. Fråværet i denne diagnosegruppa har auka dei siste åra, men i dette kvartalet er det ein svak nedgang.

Nye sjukmeldingar grunna Covid-19 relaterte sjukdommar har gått kraftig ned gjennom kvartalet, og etter veke 20 er talet så lågt at det ikkje lengre vert publisert. Men gjennom kvartalet har det vore høgt og ført til at det totale sjukefråværet og er høgt. Det høgste talet på nye Covid-19 relaterte sjukdommar hadde vi i veke 8, med 1 637 nye tilfelle. Til samanlikning var det i veke 8 totalt 2 667 nye sjukmeldingar for alle diagnoser.


Figur 1: Nye sjukmelde med covid-19 relaterte sjukdommar per veke i Møre og Romsdal



Figur 2: Sjukefråværet i kommunane i Møre og Romsdal



Figur 3: Utviklinga av sjukefråværet frå 2015



Tabell 1: Sjukefråvær fordelt på fylker og kommunar

	1. kvartal 2018	1. kvartal 2019	1. kvartal 2020	1. kvartal 2021	1. kvartal 2022	Endring siste år
Heile landet	5,4 %	5,3 %	6,0 %	5,5 %	6,2 %	12,7 %
Agder	5,7 %	5,4 %	6,3 %	6,0 %	6,6 %	9,9 %
Innlandet	6,0 %	5,8 %	6,6 %	6,0 %	6,6 %	9,2 %
Møre og Romsdal	5,6 %	5,6 %	6,1 %	6,0 %	6,5 %	8,4 %
Nordland	6,0 %	6,3 %	6,8 %	6,5 %	7,0 %	6,9 %
Oslo	4,5 %	4,4 %	5,0 %	4,4 %	5,2 %	18,7 %
Rogaland	4,9 %	4,7 %	5,3 %	5,1 %	5,6 %	11,5 %
Troms og Finnmark	6,0 %	5,9 %	6,7 %	6,4 %	6,9 %	7,1 %
Trøndelag	5,5 %	5,5 %	6,1 %	5,7 %	6,2 %	9,0 %
Vestfold og Telemark	5,8 %	5,5 %	6,1 %	5,7 %	6,4 %	12,9 %
Vestland	5,3 %	5,3 %	6,0 %	5,6 %	6,4 %	15,1 %
Viken	5,6 %	5,5 %	6,1 %	5,6 %	6,5 %	15,9 %
1505 Kristiansund	6,3 %	5,7 %	6,3 %	6,3 %	7,1 %	11,9 %
1506 Molde	5,4 %	5,5 %	5,9 %	5,5 %	6,0 %	10,2 %
1507 Ålesund	5,2 %	5,4 %	5,8 %	5,8 %	6,1 %	5,8 %
1511 Vanylven	7,4 %	6,5 %	7,5 %	8,1 %	8,7 %	7,4 %
1514 Sande	5,1 %	4,8 %	6,3 %	6,0 %	7,1 %	17,4 %
1515 Herøy	6,2 %	5,9 %	6,3 %	6,0 %	6,6 %	10,4 %
1516 Ulstein	4,8 %	5,0 %	5,3 %	5,2 %	5,8 %	11,1 %
1517 Hareid	5,4 %	5,4 %	6,7 %	5,9 %	7,5 %	25,8 %
1520 Ørsta	7,2 %	6,6 %	7,1 %	6,8 %	6,6 %	-2,6 %
1525 Stranda	4,9 %	4,9 %	5,6 %	6,7 %	7,4 %	10,7 %
1528 Sykkylven	5,8 %	6,4 %	7,0 %	5,3 %	6,4 %	20,9 %
1531 Sula	5,5 %	5,8 %	7,1 %	6,2 %	6,7 %	7,6 %
1532 Giske	5,6 %	5,8 %	6,0 %	6,2 %	6,4 %	4,1 %
1535 Vestnes	6,4 %	6,6 %	7,0 %	6,4 %	6,9 %	7,5 %
1539 Rauma	5,5 %	6,6 %	6,3 %	6,3 %	6,0 %	-4,1 %
1547 Aukra	5,8 %	5,5 %	6,7 %	6,4 %	7,7 %	21,3 %
1554 Averøy	6,4 %	6,2 %	7,0 %	6,7 %	7,8 %	17,3 %
1557 Gjemnes	4,8 %	6,4 %	6,6 %	6,1 %	6,8 %	11,6 %
1560 Tingvoll	6,4 %	5,2 %	6,8 %	6,7 %	6,6 %	-1,0 %
1563 Sunndal	4,0 %	3,8 %	3,5 %	4,0 %	4,4 %	9,4 %
1566 Surnadal	5,6 %	5,3 %	6,2 %	6,4 %	6,2 %	-4,0 %
1573 Smøla	7,0 %	6,8 %	7,5 %	7,3 %	7,0 %	-4,2 %
1576 Aure	5,7 %	5,6 %	6,0 %	5,8 %	5,5 %	-4,6 %
1577 Volda	5,8 %	6,0 %	6,6 %	6,7 %	7,7 %	15,2 %
1578 Fjord	4,8 %	5,3 %	6,2 %	6,7 %	6,9 %	3,0 %
1579 Hustadvika	5,8 %	5,7 %	6,2 %	6,0 %	6,9 %	14,2 %